

NotatDato: 04.09.2019
Arkivsak:2019/10878
Saksbehandlar:tomstei

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Spørsmål frå FUV 20.06.19 om familierabatt på honnørbillett

På møte den 20.06.19 stilte representanten **Kari Bernardini (A)** følgjande spørsmål:

«Skyss tillater at en voksen kan ta med inntil 4 barn gratis i helger og helligdager. Er det korrekt at dette ikke gjelder for voksne som løser honnør billett? I så tilfelle: Hva vil det koste å gi reisende med honnørbillett samme rettigheter?»

Bakgrunn

I desember 2016 vedtok fylkestinget å endra retningslinjene knytt til familierabatt på buss, Bybane og Askøyruta. Dei nye retningslinjene trådde i kraft 1. februar 2017 og tilseier at ein vaksen med billett til vaksen pris (einskildbillett eller periodebillett) kan ta med seg inntil 4 barn mellom 4 og 16 år gratis. Rabatten gjeld berre laurdag, søndag og offentlege fridagar, og familierabatten gjeld berre vaksen og ikkje militær, student, honnør. Den tidlegare ordninga (ein vaksen på enkeltreise kan ta med seg eitt barn gratis på kvardagar) vart avvikla på same tidspunkt.

I desember 2018 vedtok fylkestinget å endra aldersgrensa for barn på buss, bybane og Askøyruta. Den nye grensa er 6 til og med 17 år. Barn under 6 år reiser gratis. Dermed inneber dagens familierabattordning at ein vaksen med billett til vaksen pris (einskildbillett eller periodebillett) kan ta med seg inntil 4 barn mellom 6 og 18 år gratis.

Svar på spørsmål frå FUV

Med bakgrunn i ovannemnde er svaret på første del av spørsmålet ja – det stemmer at familierabatt ikkje gjeld for voksne som løyer honnørbillett.


Del to av spørsmålet er vanskeleg å berekna då Skyss ikkje har statistikk på kor mange som nyttar seg av dagens familierabattordning - altså kor mange voksne som tar med barn gratis i helgane eller kor mange barn dei i så fall tar med seg. Dermed er det vanskeleg å anslå kor mange barn honnørreisande eventuelt vil ta med seg gratis i helgane.

Skyss har likevel statistikk på kor mange honnørbillettar som blir selde (både einskildbillettar og periodebillettar). Dermed er det mogleg å berga kostnadene dersom desse kundane nyttar seg av familierabatt.

I 2018 vart det selt 404 860 einskildbillettar honnør på laurdagar og søndagar. Dette er i snitt 7 786 billettar pr. helg. I tillegg vart det seld 51 378 periodebillettar honnør i 2018, noko som i snitt utgjer 4 282 periodebillettar pr. måned. Desse periodebillettbrukarane vil potensielt kunna reisa i helgane og dermed kunne ta med seg inntil 4 barn gratis 52 helgar i året. Til saman utgjer summen av einskildbillettar og periodebillettar 12 068 potensielle honnørreisande kvar helg.

Tabellen og grafen under visar potensielle tapte inntekter (kostnader) dersom ein del av dei honnørreisande tar med seg eit barn gratis:

Del honnør som tar med seg eit barn gratis 1 gong pr. helg	Tapte inntekter pr. helg	Tapte inntekter pr. år
5 %	kr 11 464	kr 596 123
10 %	kr 22 928	kr 1 192 246
15 %	kr 34 392	kr 1 788 369
20 %	kr 45 856	kr 2 384 492
25 %	kr 57 320	kr 2 980 616
30 %	kr 68 783	kr 3 576 739
35 %	kr 80 247	kr 4 172 862
40 %	kr 91 711	kr 4 768 985
45 %	kr 103 175	kr 5 365 108
50 %	kr 114 639	kr 5 961 231
55 %	kr 126 103	kr 6 557 354
60 %	kr 137 567	kr 7 153 477
65 %	kr 149 031	kr 7 749 600
70 %	kr 160 495	kr 8 345 723
75 %	kr 171 959	kr 8 941 847
80 %	kr 183 422	kr 9 537 970
85 %	kr 194 886	kr 10 134 093
90 %	kr 206 350	kr 10 730 216
95 %	kr 217 814	kr 11 326 339
100 %	kr 229 278	kr 11 922 462



Merknader

- Utrekningane over er baserte på honnørreisande tar med eit barn gratis. Familierabatten tilseier at ein kan ta med seg inntil 4 barn mellom 6 og 18 år gratis.
- Periodebillettbrukarar vil i teorien kunna reisa fleire gonger pr. helg. Dersom dei gjer dette vil talet på potensielle honnørreisande kvar helg vera høgare enn anslått

Kva gjer andre?

Det er dessverre ingen nasjonal standard knytt til familierabatten. Ordninga blir praktisert ulikt i dei største byane som det er naturleg for Skyss å samanlikna seg med:

Selskap	Ordning
Kolumbus	Ingen familierabatt
AtB	Kvar laurdag og søndag kan ein med kva for som helst vaksenbillett ta med inntil fire barn gratis på buss eller trikk ved reise i éi sone. Gjeld òg honnør.
Ruter	På laurdagar, søndagar og offentlege fridagar kan ein ta med inntil fire barn under 18 år gratis. For å bruka familierabatten må ein ha ein gyldig vaksen, honnør-, student-, militær- eller ungdomsbillett, og vera over 18 år.
Troms fylkestrafikk	På laurdagar, søndagar og offentlege fridagar kan ein vaksen over 20 år med gyldig reisebevis (einskildbillett, periodebillett) kan ta med inntil fire barn under 16 år gratis. Gjeld òg honnør.
AKT – Agder kollektivtrafikk AS	På laurdagar, søndagar og offentlege fridagar kan ein vaksen over 18 år med gyldig reisebevis (einskildbillett, periodebillett eller Flexikort) ta med inntil fire barn under 18 år gratis. Gjeld ikke honnør.